



Tor Bringedal byr på viktige og interessante bøker.

I dag, onsdag, vil lokalhistorikeren og forfatteren Tor Bringedal frå Herøysundet sitja og selje bøker på Spar Uskedalen utover ettermiddagen. Bringdal har gjeve ut to bøker som omhandlar Kvinnheradshistoria frå 1837 og fram til 1965. Den siste boka som nyleg kom ut, handlar om dei siste 20 åra i perioden.

Bøkene til Bringedal vert viktige historiske dokument for ettertida, og han har fått svært gode tilbakemeldingar for grundig og godt arbeid. Siste boka er også langt meir lettlesen enn den første. Dette må vera ei perfekt julegåve til mange, for dei fleste har nok interesse for det lokale som har skjedd i historia. I siste boka er det også svært mykje stoff med tilknytning til Uskedalen og personar herifrå. Vi som har levd ei stund hugsar dei fleste av dei.

Bringedal vil dei næraste dagane besøkje fleire Kvinnhersbygder med boksal. Første stadene er på nordsida av fjorden og i Rosendal. For dei som kjøper begge bøkene har han eit svært godt tilbod. Dersom nokon ønskjer at han signerer bøkene, gjer han sjølvsagt det.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland